# r-lyden

☐ 1. Les teksten:

**Heime** hos Are er det raude roser på **bordet**, og alle koser seg med reker. Etter maten **ruslar** Are roleg opp på **rommet** sitt. Der er det rot **overalt**. ”Uff, eg må visst rydde”, tenker han. Men plutseleg høyrer han bråk og **kakling** rett **utanfor vindauget**. Han ser reven rappe ei høne som har rømt ut av **hønsegarden**. Ho **flaksar** med vengene for å komme laus, men så blir det roleg.
Are blir **rasande** og fer etter reven. Han veit om eit **revehi** under ei rot i skogen, men der finn han berre ei daud rotte. Reven er vekk. ”Reven er ein rakkar av ein røvar”, tenker Are. ”Kvar kan reven vere?” Han synest han ser restar av nokre kvite fjør borte ved det **rotne grantreet**.

☐ 2. Prikk og del dei orda som er utheva.
☐ 3. Sett ring rundt alle **r-ane** først i orda. Kor mange ord fann du?__
☐ 4. ”Lureord”: **bordet roleg vindauget rotte nokre rotne**
☐ 5. Finn ord som rimar på **f<u>est</u>**. Bruk **b, h, gj, m, n, p, r, t, v**:

__________ __________ __________ __________ __________

__________ __________ __________ __________

☐ 6. Det er tre samansette ord i teksten. Kan du finne dei?
☐ 7. Vi bøyer orda og ser kva for endingar orda får:

| | den/det | fleire | alle |
|---|---|---|---|
| ei rotte | rotta | | |
| ein rev | | | revane |
| eit rom | | | |

☐ 8. Fortel/skriv meir om det du har lese.
☐ 9. Les teksten på nytt.